

Modalen kommune  
964969302Vår referanse  
2023/11652Vår dato  
13. november 2023

# Utbetalingsbrev for vidareutdanning for lærarar hausten 2023 - stipend og studieavgift

Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Modalen kommune til kontonummer 3625 07 72194:

Beskrivelse	Arbeidsgiveravgift	Beløp før AGA	Beløp
Stipend		126 000,00	126 000,00
Arbeidsgiveravgift	0,11	0,00	13 356,00
Studieavgift		27 500,00	27 500,00
		<b>153 500,00</b>	<b>166 856,00</b>

**Totalt tilskudd: 166 856,00**

Utbetalinga er merkt "Vidareutdanning for lærarar hausten 2023 - stipend og studieavgift". Merk at det er totalbeløpet under kolonnen «Beregnet tilskudd» som vil bli utbetalt. Skoleeigarane vil bli belasta med arbeidsgivaravgift for stipendet til lærarane. I midlane som blir utbetalte til skoleeigaren frå Utdanningsdirektoratet, er arbeidsgivaravgifta inkludert. De finn òg alle utbetalingsbrev og vedlegg på TAVLA: (<https://tavla.udir.no>)

## Grunnlaget for utbetalinga

Utbetaling av stipend og ev. studieavgifter for hausten 2023 er basert på informasjon frå søknads- og oppfølgingssystemet (<http://komp.udir.no/extranet>) under modulen «Vidareutdanning for lærere 2023». Det er lærarar med status «Bekreftet deltakelse semester 1» som dannar grunnlaget for utbetalinga.

Når det gjeld Grunnleggende lese-, skrive- og matematikkopplæring dannar også lærarar med status «Bekreftet deltakelse semester 3» under modulen «Vidareutdanning for lærere 2022» ein del av grunnlaget for utbetalinga.

## Vilkår for utbetalinga

Tildelinga føreset at skoleeigar er kjent med og oppfyller dei sentrale vilkåra knytt til ordninga. Det er også skoleeigar sitt ansvar å sørge for at deltakarane er kjent med vilkåra. Se meir om ordninga på nettsidene våre: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/etter-og-videreutdanning/larere/>

Skoleeigaren har plikt til å melde frå til Utdanningsdirektoratet med ein gong dersom grunnlaget for midlane blir endra eller fell bort. Midlane kan da trekkjast tilbake heilt eller delvis.

Dersom skoleeiegar ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnaden, eller på annan måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

Statsbudsjettet for 2023 vart vedteke av Stortinget i desember 2022. Vedtaka går fram av Stortinget si behandling av statsbudsjettet for 2023, jf. Innst. 12 S (2022-2023) og Prop. 1 S (2022-2023) for Kunnskapsdepartementet. Vidareutdanning for lærarar er forankra i strategien Kompetanse for kvalitet.

Med helsing

Ida Large  
avdelingsdirektør

Anders Jevnesveen Kristoffersen  
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent

**Vedlegg:**

Tilskuddsgrunnlag - Studieåret 2023-24 - Utbetaling 1. semester